

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dato: **05.12.2022**Saksnr.: **2022/66023**Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 68 bnr 174 - dispensasjon - opparbeiding av gangveg - søknad – fråsegn vedrørende kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om opparbeiding av gangveg på gnr 68 bnr 174 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern, samt at plan-, miljø- og samfunnsavdelinga har vurdert og gjeve uttale i saka.

**Vedrørende kulturminne**

Det er registrert eit kulturminne – ID 4619 rydningsrøyslokalitet – på området der gangvegen er planlagt. Men dette kulturminnet vart undersøkt og området frigjeve i samband med reguleringsplan for Eidsbakkane frå 1992. Kulturminnet har status fjerna.

Ut frå øvrige vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av gangvegen prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

**Merknad får plan-, miljø- og samfunnsavdelinga**

Fylkesdirektøren ved plan-, miljø- og samfunnsavdelinga er positiv til tiltaket, som jf. søknaden vil gi ein kortare og sikrere skuleveg. Tiltaket vert vurdert til å

vere i tråd med regionale og nasjonale målsettingar om å betre framkommelegheita for sykkistar og fotgjengarar.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
rådgjevar

Hans Olav Myskja  
rådgjevar

Kopi til:  
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*